

# Her dyrkar me havre



Kjernen i havren inneholder meir fett enn andre kornarter, noko som gjer den godt eigna til mat. Det meste av havren som blir dyrka blir nytta til dyrefôr, og berre ein liten del blir til menneskemat som mjøl eller gryn.

Ei god kornavling er avhengig av god jord, temperatur og passe mengde regn. På våren blir det jorda pløya og harva før kornet blir sådd. I vekstsesongen blir åkeren gjødsla og sprøytt med plantevernmidlar ved behov. Kornet blir hausta med ein treskar som skil kornet frå halmen. Det er viktig med godt vær under innhaustinga.

I Noreg er berre tre prosent av arealet matjord, og berre ein prosent er godt eigna for kornproduksjon. I bynære område er det ei utfordring at kornjorda blir bygd ned til bustadar, næring eller samferdsle. Det å ta vare på matjorda for framtidige generasjonar er heilt avgjerande.